



NORDFJORD
folkehøgskule

NOKRE SPOR VARER EVIG



Nordfjord folkehøgskule ligg i storslått Vestlandsnatur. Her får du oppleve open himmel, stjernenetter, lange turar, sterk utsikt og gode fellesskap.



Friluftsliv over heile linja

- 12 Friluftsliv/Brett
- 13 Friluftsliv/Ekspedisjon
- 14 Friluftsliv/Fjellsport
- 15 Friluftsliv/Jakt og fiske
- 16 Friluftsliv/KRIK
- 17 Friluftsliv/Ski
- 18 Friluftsliv/Ski og surf
- 19 Friluftsliv/Sport
- 20 Friluftsliv/Utforsk Norge
- 21 Friluftsliv/Vind og vatn
- 22 Bu og fritid



Heim


Dei sa det allereie tidleg på 1900-talet, då Nordfjord starta. «Skulen er ein heim», sa dei. «Og denne heimen er ein skule». Slik er det framleis.

30



Fine folk

På Nordfjord blir du ein viktig del av eit større "vi".



For meg er Nordfjord ein ny heim, kvar ein kan finne eit fellesskap som varer livet ut. Nordfjord er mi flytzone!


Anna Melby



Nordfjord la på mange måter grunnlaget for min oppfattelse og tilnærming til friluftsliv. Jeg lærte meg å sette pris på gleden, leken og roen man finner i naturen.


Erik Fuglum





Nordfjord har blitt et hjem for meg, et hjem hvor jeg føler meg sett og hørt. Har også fått med venner på kjøpet, venner som jeg nå reiser verden rundt med... Og en ting til, hvis du er glad i å stå på ski, da er det her skolen for deg;)

Elias Kvalevaag-Holm



Nordfjord er en unik mulighet til å oppdage skaperverket i fellesskap med andre. Bli gitt utfordringer og opplevelser, og skape minner for livet.

Dorte Klokk

Lokal læringsarena

Lengst vest ligg havet og sandstrendene, i nord dei alpine tindane og i aust dei største breane. I Nordfjord finn ein lune fjordarmar, frodige støylar, heftige stryk og innbydande skibakkar.



Hoddevika på Stad er blitt eit slags mekka for surfarar. For oss er det eit nært og kjært turmål. Det er nært nok til at vi lett legg inn ein dagstur frå skulen og vakkert nok til at vi likevel ynskjer å overnatte der.



Skal ein opp og fram her i livet, må ein øve seg på å trivast med motbakkane. **Skåla** (1848 moh) er eit av dei høgaste fjella i Nordfjord, og Norges lengste motbakke.


I gangavstand ligg naust, båtar og badeplass i **Gloppefjorden**.



Jostedalsbreen er den største isbreen på det europeiske fastlandet. Har vi ikkje tid til å legge heile breen bak oss, tar vi oss meir enn gjerne ein skitur på Lodalskåpa (2083 moh) eller bind oss saman i taulag for ein tur på brearmene Flatbreen og Bødalsbreen.

Ope kontorlandskap

På Nordfjord møter du ansvarlege vaksne som også er likeverdige turkameratar og inspirerande forbilder.

A photograph of a woman with long brown hair, smiling and looking upwards. She is sitting inside a tent, with her hands clasped in front of her. The tent's interior is a bright yellow-green color. The tent's outer fabric is dark blue and covered in water droplets, suggesting it is raining. In the foreground, there is a red and blue bag of Polly brand snacks. The background shows a blurred view of trees and a cloudy sky.

Tenk å ha eit år der det er det å være saman som betyr noko, blanda med adrenalin, knitrande bål, rosa kinn, varme soveposar og soloppgangar.

Aina Minde Lemming

Langt inn i naturen , utan dekning,
finn du stemninga og roen.

Jan Hedges



Gledeshyl, fellesskap, meistring
og flyt. Det er den perfekte
dagen, det. På Nordfjord får du
mange slike.

Lars Anders Hoel



I alle augeblikka du kjenner at du
hører til, viskar barrierene mellom
oss seg ut. Slik veks felleskapet.

Kristina Tveitdal Tomasgard



Skogane i Nordfjord er fulle av vilt.
Bli med på jakt!

Per Momrak



Å jobbe med tre, keramikk, ull og tekstil, eller lage naturlege såper og salver, er nyttig og bra for deg og miljøet.

Maria Roset Sølvberg

Det beste at vi er så masse ute uansett årstid og følge endring i veiret så tett. Med å la veir og sesong legge føringar for ka aktivitet som er aktuell, får vi eit sterkt og lærerikt samarbeid med naturen.

Håkon Schjølberg





Friluftsliv kan vere utfordrande, spennande og vilt – men uansett er vår jobb at du som er elev skal vere trygg.

Lisbeth Momrak



Å kunne legge tilrette for eit kristent felleskap på skulen, gir meg både stor glede og dyp mening.

Steinar Saltbones

Det er utruleg digg å kunne tilby deg så gode klatreforhold - både inne og ute!

Erlend Aunevik

Friluftsliv / Brett

For deg som likar livet best sidelengs



Vi finn flyten på brett! Er du ein av dei som er på leit etter den beste surfebølga på hausten? Den som er på jakt etter å sette nydelege puddersvingar med snowboardet vinterstid? Den som er klar for å suse nedover asfalten på våren på longboard? Eller den som har lyst til å prøve alt som har med brettssport å gjere? Då er linja brett noko for deg.

Dette får du på Brett

Foil. Surfetur til Europa. Terrengsykling. Kite. Turn/akrobatikk. Surfing på Stad. Skate/surfskate. Longboard. Toppturar på brett. Sløyd - longboard/ snowsurf. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

LINJE -

Friluftsliv / Ekspedisjon

Dei lengste turane



Ekspedisjon! Eit ord lada med forventningar, med spenning, med Roald Amundsen og Fridtjof Nansen, med Mount Everest og Grønland. Eit forlokkande ord, ikkje sant? Ekspedisjonar handlar om å reise frå det kjente og inn i det ukjente saman med folk du stolar på. Saman med folk du vil dele opplevingar med. Saman med gode vener. På denne linja får du tre lengre ekspedisjonar: Først i Lofoten, så i Jotunheimen og til sist på Svalbard. Du kan sjå fram til bre, skredkurs og klatrekurs, padling og ikkje minst; ei lang rekkje overnattingar i telt og under open himmel. Er du klar?

Dette får du på Ekspedisjon

Høgt og lågt i Lofoten.
Skiexpedisjon på Svalbard.
Langtur vinter i Jotunheimen.
Havkajak. Breoppleving.
Terrensykling. Tinderangling.
Klatring. Surfing. Fjellturar til fots. Vandretur om hausten.
Kokelagstur. Førstehjelpkurs.
Skredkurs. Felles snøholetur.
Åleineinnatt. Skiveke i Hemsedal.
Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

Friluftsliv / Fjellsport

Utsikt og toppa opplevingar



Fjell treng folk – og folk treng fjell.

Difor skal vi vere i fjella. Dei bryr seg slett ikkje om du er fersk eller erfaren. Vi skal klyve og klatre. Sykle stiane og padle elvane. Teste grenser og likevel vere trygge. Smile breitt frå toppen av klatreruta. Nyte vinterdagane med ski på beina. Sette svingar i urørt snø. Tenne bål og oppleve stilla ved foten av fjellet. Vi skal gløyme tida. Vi skal opp.

Dette får du på Fjellsport

Buldretur til Frankrike. Høgruta i Jotunheimen. Tinderangling på Sunnmøre. Skikøyring i anlegg. Sportsklatring. Brekurs. Innføringskurs naturleg klatring. Topptur. Kiting. Isklatring. Havpadling. Elvepadling. Buldring. Bolting. Terrengsykling. Fjelløping. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

LINJE -

Friluftsliv / Jakt og fiske

Fulltreffar



No skjer det. Du får leve ut jegeren i deg. Skogane i Nordfjord er fulle av hjort og anna vilt, dette er eit eldorado både for erfarne jegrar og for dei som har lyst til å bli det. I skogen og på fjellet jaktar vi rype, hare, rev, villsvin og hjort. Vi prøver fellefangst, og på kysten jaktar vi gås og sel, og set både garn og line. Når jakta er over, lærer du å bruke ressursane frå naturen. Det blir gode middagar, for å seie det sånn! I løpet av eit heilt år i Nordfjord er det plass til mykje meir. Du skal få prøve deg på mykje anna friluftsliv: spennande skiturar, sykling, klatring og vakre fjelltoppar.

Dette får du på Jakt og fiske

Hjortejakt. Rype, hare- og skogsfugljakt. Villsvin- og beverjakt i Sverige. Havfiske/ segling. Innlandsfiske. Seljakt. Gåsejakt. Klatring. Revejakt. Toppturar. Fjelltur med fiskestang. Terrengsykling. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

Friluftsliv / KRIK

Eit år med open himmel



KRIK står for Kristen Idrettskontakt, ein kristen organisasjon som har fokus på idrett, friluftsliv, ungdom og tru. På KRIK-linja vår her på skulen konsentrerer vi oss nettopp om dette. Det blir dagar fylt av akrobatikk, beachvolley, terrengsykling, surfing, kiting, elvekajakk, klatring, fjellturar, skikøyring, teltliv, sprakande bål og stille morgonar. Det er idrettshall og klatrevegg, fjord og fjell, sommar, vinter og alt i mellom. Dette er året for friluftsliv, idrett, Gud og menneske.

Dette får du på KRIK

Surfetur til Europa. Skikøyring i Sunnmørsalpane. Terrengsykling. Kiting. Isklatring. Surfing på Stad. Klatring. Elvekajakk. Breoppleving. Akrobatikk. Beachvolleyball. Fotball. Leiartrening. Toppturar haust og vinter. KRIK-linjesamling. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

Friluftsliv / Ski

Eit år med det kvite gull



Det handlar om å vere der når det skjer. Når snøen dalar lett i høg fjellet på seinhausten og årets første spor blir lagt. Eller når det dumpar i skianlegga på Vestlandet midtvinters. Og når slushen i Jotunheimen er perfekt litt utpå våren. Vi søker alltid etter den gode snøen, og hiv alt anna når skiføret er godt. Gjennom vinteren prioriterar vi skiheis for å få kjørt mest mogleg på ski. På hausten brukar vi tida på å førebu oss mot vinteren med blant anna stisykling, turn, ski-spesifikk trening og skifilm.

Dette får du på Ski

Skianlegg. Topptur. Pudderjakt i Norge. Ski og segl på Sunnmøre. Basecamp og ski i Jotunheimen. Stisykling i nærområdet og Nesbyen. Skikøyring på Galdhøpiggen skisenter. Brekurs for skikøyrarar. Turn og akrobatikk. Elvepadling. Surfing. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøoletur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

Friluftsliv / Ski og surf

Fri flyt



Det handlar om å flyte. Om å vere på toppen av elementa. Om å finne den rette kjensla i laussnøen ned frå kvasse vestlandsfjell, eller blant bølgiene ute i Hoddevika ved Stad. Du skal ut og leite etter den rette balansen. Ut og leite etter dei største opplevingane. Du skal på roadtrip, på leit etter pudderparadis i Norge. Du kan ikkje surfe gjennom heile livet. Men du kan surfe gjennom eit heilt skuleår i Nordfjord.

Dette får du på Ski og surf

Pudderjakt i Noreg. Surfetur til Jæren. Ski og segl på Sunnmøre. Skikøyring i anlegg. Tinderangling. Kystveke. Terrengsykling. Elvepadling. Surfing på Stad. Havkajak. Klatring. Toppturar. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpkurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse og Aurlandsdalen.

LINJE -

Friluftsliv / Sport

Meir av det beste




Meir av alt. Friluftsliv/ Sport er linja for deg som syns det er vanskeleg å velje vekk noko. Vestlandet er læringsarena og leikeplass. Du får utfordra deg med elvekajakk i brusande elvar i Nordfjord, surfebrett i rullande bølger i Hoddevik, ski i vakre Sunnmørsfjell, og sykkel på flytstiar i Nesbyen. Samtidig vil du få opp pulsen i Crossbu, testa konkurranseinnstinktet i ulike nettidrettar som volleyball og padel, og utforska nye spennande vannsportar som wakeboard og dødsing. Rett og slett eit år med alt!

Dette får du på Friluftsliv/ Sport

Europatur. Vegen til golf (kurs). Ballsport. Vannsport. Nettsport. Crossfit. Sport du ikkje har prøvd før, f.eks. leirdueskyting, ishockey, go-kart, paintball. Surfing i Hoddevik. Elvepadling. Terrensykling. Tinderangling. Klatring. Skianlegg og topptur. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleineinnatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

Friluftsliv / Utforsk Norge

Det beste av Norge



Etter dette året kjenner du Norge. Du har opplevd fjella. Du har padla mellom øyane. Du har surfa på bølgene og segla på fjordane. Det er ein unik sjanse til å bli kjend i eige land. Til å oppleve natur og vêr, landskap og kontrastar, kjende attraksjonar og skjulte perler, turvener og fellesskap. Det er det beste av Norge og det beste av friluftsliv. Eit år på oppdagingsreise i eige land.

Dette får du på Utforsk Norge

Høgt og lågt i Lofoten (surfing, toppturar). Skitur gjennom Breheimen og Jotunheimen. Havkajakk i Nærøyfjorden. Breoppleving. Terrengsykling. Elvekajakk. Hundekøyring om vinteren. Kystfriluftsliv og segling. Vandretur om hausten. Klatring. Toppturar haust og vinter. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpskurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flåm, Finse, Aurlandsdalen.

LINJE -

Friluftsliv / Vind og vatn

Ein heilt annan fartskontroll



Vind og vatn. Det er ein uslåeleg kombinasjon. Sjå føre deg kiten som dreg deg bortover vidda. Dei store fjella som inviterer til leiken skikøyring i luftig pudder. Bølgjene på det store havet, deg sjølv og surfebrettet. Og ikkje minst dei store elvane på Voss der du og kajakken dansar uautorisert hiphop. Du vil kjenne smilet breie seg og adrenalinet bruse, finne roa rundt bålet og kjenne meistring i ein storslått natur. Og alt dette i fellesskap med gode venner. Gira?

Dette får du på Vind og vatn

Surfetur til Europa. Elvepadling på Voss. Kiting på snø. Surfing på Stad. Skiveke i Hemsedal. Kystveke. Tindetur på Sunnmøre. Terrengsykling. Havkajak. Klatring. Toppturar på ski. Via ferrata Loen. Vandretur om hausten. Kokelagstur. Førstehjelpkurs. Skredkurs. Felles snøholetur. Åleinenatt. Skiveke i Hemsedal. Pilegrimsvandring. Fellestur Flâm, Finse, Aurlandsdalen.

Friluftsliv / Bu og fritid

På egne bein



Nye vener, nye aktivitetar, nye erfaringar.

Har du nokon gong laga pizza på bål? Padla i kano, overnatta i lavvo, dratt krabbeteiner, eller tova ditt eige sitteunderlag? No får du sjansen til å oppleve alt dette.

Å få kjenne på glede og spenning ved å prøve ut nye ting, og meistringsfølelsen når du når målet. Alt i trygge

og tilpassa rammer. Tilsette ved skulen vil rettlege og støtte deg når du treng det. På skulen vil du oppleve eit inkluderande og varmt fellesskap, både på turar og på internatet. Saman med resten av skulen får du segle ut på det store havet, teste skibakkane i Hemsedal og vandre i naturen på Stadlandet.

Du skal få løyse band og knyte band.

Ha litt sjølv, lån resten

Det finst ingen fasit når det gjeld utstyr, men tenk på tre ting: Behov. Miljø. Pengar.



Grøn omstilling er meir enn å kutte i flyreiser. Opplevingar i naturen krev godt utstyr og gode kle, og produksjonen av dette kjem med ein kostnad for både miljøet og klimaet. Eit lågare forbruk er eit av dei viktigaste tiltaka frå kvar enkelt av oss.

Du treng ikkje nytt utstyr for å drive med friluftsliv! Vi har eit stort utstyrs-lager du kan låne frå, utsal av brukt utstyr og eigne valfag innan reparasjon og utstyrs-laging.

Om du har ein sovepose som er pas-seleg vår og haust, men ikkje når det er kaldt og snø, så kan du kjøpe ein lett og liten i tillegg, så brukar du begge når

det er kaldt. Eller du kan låne onkel sin tjukke sovepose som han aldri brukar.

Du treng sykkel til å frakte deg sjølv til klatrefeltet, til naustet og til små-godthylla på butikken. Du treng altså ingen spesiell type – den må berre ha to hjul og ramme, og så er du klar. Når du og linja skal drive med stisykling, brukar de skulen sine fulldempa terrengsyklar.

Ski er så mangt. Det er ulikt frå linje til linje og person til person kva ski du treng. Kontakt gjerne linjelæraren. Om våren er det ofte gode tilbod på ski viss du treng nye – og forøvrig er finn.no ein glimrande skibutikk.

Valfag

I løpet av året får du velje mellom 35 valfag du kan fordjupe deg i. Tenk deg for ein unik sjanse du har til å komponere akkurat det året du vil ha.

Bunken med valfag på Nordfjord folkehøgskule er stor: Ballspel. Barmarkstrening. Buldring. Båtførarkurs. Crossbu-trening. Ekspedisjonstrening. Fotball. Foto. Fjelljibbing. Gitar. God bok. Golf. Havkajakk. Heilt grøn. Hybelkock. Jegerprøve. Klatring. Knivmaking. Kondisjon. Kor. Langrenn. Longboard. Mat i det fri. Redesign. Reparasjon og enkel saum. Segling. Skiinstruksjon. Skred fordjuping. Smiing. Strikking. Styrke. Terrensykkel. Topptur. Trearbeid. Utstyrslagning. Volleyball.

Valfaga veljer du etter at du har starta på skulen.



Prosjektveker

I prosjektvekene er timeplan eit framandord. Du får fordjupe deg i eit tema, ein aktivitet eller eit prosjekt, du kan kalle det ei valfagveke. Det vanskelege er sjølvsagt å velje, men vi lovar deg gode og spennande dagar uansett om du vel tøffe turar på fjellet, luftige dagar på kysten eller kjekke prosjekt på sløyden.

Prosjektvekene veljer du etter at du har starta på skulen. Det kan bli enkelte endringar i fag og fagtilbod.





Denne gjengen gjer alt dei kan for at du skal ha det så godt som mogleg på Nordfjord folkehøgskule, kvar dag, gjennom heile skuleåret.

Du kan glede deg til å møte folk med brei kompetanse, mykje erfaring og eit stort hjerte.



Du treng ikkje ha mykje friluftslivserfaring for å søkje på Nordfjord folkehøgskule, men du må like å vere ute, like å vere på tur, og ikkje minst like nye utfordringar.

På skulen er det plass til 135 elevar. Gjennomsnittsalderen er ca 20 år. I løpet av året blir det minst 40 overnattingar i telt, hengekøye, båt, lavvo, hytte eller under open himmel.


Skulen er stor og har mange rom, vi nemner smie, tresløyd, vektrom, gymsal, badstove, syrom, og ein 250 m² stor innandørs klatrevegg. Vi har òg vedfyrt badestamp, sandvolleyballbane, bålhus og gapahukar i skogen og ved fjorden. Rett nedanfor skulen har vi naust med egne båtar.



Søknad. Via nettsidene våre finn du søknadsskjema. Vi har ingen søknadsfrist, men startar opptaket 15 november. Dei siste åra har skulen hatt mange elevar, og enkelte linjer er ekstra populære. Det er med andre ord lurt å søke tidleg.

Pris. Alle norske elevar kan søkje lån gjennom Statens lånekasse via nettsida www.lanekassen.no. Når du har fullført skuleåret med minst 90% frammøte, vert om lag ein tredel av lånet gjort om til stipend.

Vi er opptekne av å legge inn så mange ting som mogleg i total-kostnaden på skuleåret, slik at du ikkje skal verte overraska av prisen. Mellom anna legg vi inn alt av linjeturar og fellesreiser. Alt etter kva linje, valfag og prosjektveker du vel, vil din årspris variere. Sjå friluftslivskulen.no/pris.



Nordfjordstipendet. Vi vil at så mange som mogleg skal kunne gå eit år på folkehøgskule. Difor lyser vi komande skuleår ut inntil tre Nordfjordstipend for elevar som treng ekstra økonomisk støtte. Meir informasjon om ordninga finn du på heimesida vår.



Sentralt. Det er kanskje å ta litt hardt i å seie at Nordfjord folkehøgskule ligg sentralt. Men: 300 meter frå skulen ligg E39, og der kan du gå på ekspressbussar til Oslo, Trondheim, Ålesund og Bergen. Det er berre 4 kilometer til Sandane lufthamn Anda. Skulen ligg 6 km frå Sandane sentrum.

Bygda. Også bygda har mykje å by på. I tillegg til rein natur er det preparerte skiløyper og skitrekk. På Sandane, 6 km frå skulen, er det kunstgrasbane, og ikkje minst Trivselshagen, ein stor idrettshall som du og dei andre elevane får mykje glede av. Mellom anna er det eit flott badeanlegg og ein stor klatrevegg som er 15 meter høg, har overheng, og mange ruter med ulik vanskegrad til topps. I tillegg er der vektrom, løpebane, tre handballbaner og eigen turnhall. Vi nyttar oss av dette anlegget både i undervisninga og på fritida. Alle elevane får årskort til idrettshallen, det betyr at du kan klatre og bade så mykje du vil gjennom året.

Velkommen heim

Heime får du vere den du er.

Heime har ikkje alle like meiningar, men alle blir respekterte for dei meiningane dei har. Heime bidreg alle for at det skal vere ein god plass å vere.

På Nordfjord folkehøgskule bur dei aller fleste elevane på dobbeltrom. Og på tur er det tre eller fire i teltet. Du lærer å leve tett på.

Vi håpar du vil merke at den kristne trua pregar kvardagen på skulen, men du treng ikkje vere kristen for å vere elev her. Vi ynskjer å vise kva vi står for, men samtidig ha stor respekt for tankane dine.

Året ved friluftslivskulen er starten på noko nytt. Starten på ditt eige sjølvstendige liv, der du vel kva som er viktig. Starten på nye venskap, venskap som varer. Du møter folk som deler friluftstinteressene dine. Du møter lærarar og medelevar med ulik bakgrunn og ulike meiningar og livssyn. Du møter deg sjølv.





Alle foto i denne brosjyra er tatt av elever og personalet på Nordfjord folkehøgskule. Edvin Hugvik: side 26, 30 (skulen). Eirin Myklebust: side 3 (nederst), 4 (surf), 6, 7 (roing), 9 (kristina), 10 (Håkon), 22, 23 (surf). Elias Jordal: side 9 (Per), 15. Emma Sofie Steinsland: side 2, 3 (øverst), 7 (bre), 23 (sykkel), 32. Endre Kinn Hartvigsen: side 1, 5 (Elias), 9 (Lars Anders), 11 (Steinar), 12, 18, 25. Heidi Oskam: side 31 (pilegrimstur). Ingrid Bjørnerud Børset: side 14. Jan Hedges: side 8, 9 (Jan), 13, 20. Johannes Sløgedal: side 25 (jakt). Jonas Løvland: side 10 (Maria). Liva Bårdsen: side 17. Matias Myklebust: side 28-29 (seil). Naomi Dalsbø: side 16. Peder Undheim: side 4 og 5 (molladalen), 24 (klatring). Per Momrak: side 11 (Lisbeth). Rebecca Boyesen: side 11 (Erlend). Sivert Brautaset: side 28 (klatring). Stian Gustavsson: side 29 (sykkel). Veslemøy Stokke: side 21. Kristian Engebretsen: side 24 (smia)

Nordfjord folkehøgskule
 Øvre Nordstranda 380, 6823 Sandane
 Tlf 57 86 80 40
kontor@friluftslivskulen.no
facebook.com/friluftslivskulen
youtube.com/friluftslivskulen
instagram.com/nordfjordfhs
 #nordfjordfhs

friluftslivskulen.no

Skulen vart etablert i 1923
 Friluftslivskule sidan 2000
 Eigd av Normisjon,
 region Sogn og Fjordane
 Elevplassar: 140
 Gjennomsnittsalder: 20 år

Kontonummer for gaver og betaling:
 - Skulen: 3000.15.28560
 - Kompetansefond: 3000.32.54107
 - Bistand: 3705.13.05842



På Nordfjord folkehøgskule
har vi plass til, og bruk for,
akkurat deg

Søk på skulen:



[instagram.com/nordfjordfhs](https://www.instagram.com/nordfjordfhs)
[#nordfjordfhs](https://www.instagram.com/nordfjordfhs)

friluftslivskulen.no



NORDFJORD
folkehøgskule